



HØGSKOLEN STORD/HAUGESUND

Dato: 24.02.2011  
Vår ref.: 2009/271 Kirsten Bakken

**HØGSKOLESTYRET**  
**Sak S 18/11**

**KVA SAKA GJELD: Rapport og planar (2010-2011)**

---

Møtedato : 3.mars 2011

---

Trykte vedlegg : Vedlegg 1 : [Rapport 2010 , side 3-39](#)  
Vedlegg 1 : [Plan 2011 , side 40-59](#)  
Vedlegg 2 : [Oppdatert risikokart for 2011, til styret](#)  
Vedlegg 3 : [Oppfølgings skjema for 2011, til bruk for styret i 2011](#)

Utrykte vedlegg:

Utskrift til : Kunnskapsdepartementet og Riksrevisjonen

Ansvarleg for gjennomføring (avdeling): økonomitjenester

---

**Bakgrunn for saka**

I tildelingsbrevet for 2010 med seinare tillegg, har Kunnskapsdepartementet stilt krav om rapportering for 2010 og plan for 2011. Rapport og planar (2010-2011) dannar grunnlag for framstilling av HSH mellom anna i KDs tilstandsrapport og blir følgd opp i etatsstyringsmøtet.

**Problemstilling og vurdering**

Rapporten for 2010 er strukturert rundt dei fire relevante sektormåla for HSH. Formålet med rapporten er å synleggjera HSH sitt resultat i 2010 på ein heilskapleg måte, og rapporten er derfor relativt omfattande. Vedlegg 1.

Plan for 2011 viser fokusområda for HSH i 2011, som er vald med utgangspunkt i risikovurderingar knytt til dei fire relevante sektormåla. Under kvart fokusområde er bakgrunnen for val av fokusområdet, samt tiltak og oppfølging på området skildra. I tillegg blir alle styringsparameter med HSHs ambisjonsnivå for styringsparameteret i 2011 presentert. Vedlegg 1.

I tillegg til plan for 2011 som sendast Kunnskapsdepartementet, får styret presentert oppdatert risikokart med gjenverande risiko i vedlegg 2. Tiltak og oppfølgingsform/-tidspunkt for fokusområda i 2011 er oppsummert og presentert i oppfølgings skjemaet i vedlegg 3. Som ei følge av dei tiltaka og oppfølgjingane som skal gjerast i 2011 er gjenverande risiki rekna som låge eller moderate.

**Tilråding:**

1. Rapport og planer (2010-2011) blir vedteke og oversendt Kunnskapsdepartementet.
2. Styret sitt oppfølgingsskjema for 2010, oppdatert risikokart for 2011 og oppfølgingsskjema for 2011 blir teke til etterretning.

Rune Jørgensen  
direktør

Kirsten Bakken  
økonomisjef

---

Saksbehandlar : Lene Borgen og Kirsten Bakken

## **Innleiing med styrets vurdering av eige arbeid**

Høgskolen Stord/Haugesund viser til dei krav til plan og rapportar som er gitt i Tildelingsbrevet for 2010, Tildelingsbrevet for 2011 og andre rapporteringsbestillingar.

Styret vedtok ein plan for saker i 2010 med vekt på faste saker i årshjulet og oppfølging av handlingsplanen/fokusområde for 2010. Denne planen er følgd.

Styret sin handlingsplan i 2010 har hatt følgjande fokusområde :

- Rekruttering
- Plan – studietilbud og utvikling av studia
- Kompetanseheving
- Nye lærarutdanningar
- Eksternfinansierte prosjekt
- Institusjonssamarbeid
- Heilskapleg kontrollsystem

Dei fokusområda som styret har brukt mest tid på i 2010 er utvikling og implementering av dei nye grunnskulelærarutdanningane, og arbeid med institusjonssamarbeid. Desse områda har vore på dagsorden i alle styremøta i 2010.

Etter styret si evaluering kan ein konkludere med at styret finn meir sin form, og blir meir fokusert mot faste styrings-/rapporteringssaker, strategiske saker og fokusområde fastsett i handlingsplanen. Større deltaking frå styret i etatsstyringsmøte og møter med departementet bidreg til større ansvarleggjing av styret i høve til oppdragsgjevar.

Gjennom dei faste sakene knytt til årshjulet, spesielt budsjett/plan og faste rapporteringar, følgjer styret opp mål- og resultatstyring, risikovurderingar, oppfølging av etatsstyringsmøte og revisjonsmerknader. I styremøtene blir styret orientert om skriftleg kommunikasjon med Riksrevisjonen.

## Resultatrapportering for 2010

### SEKTORMÅL 1

*Universitet og høgskuler skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innanfor forskning, fagleg og kunstnarisk utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.*

#### Særlege utfordringar for sektormål 1

Dei overordna utfordringane til Høgskolen Stord/Haugesund innanfor sektormål 1 :

- Få ein god kombinasjon mellom grunnutdanning, masterutdanning og etter- og vidareutdanning som stettar regionen sitt behov
- Få ei finansiering av studieplassar som gjer at vi ressursmessig kan gi det studietilbodet som blir etterspurt. Vi har pr. i dag lite eller ingen basisfinansiering knytt til master og EVU, medan aktiviteten er stor.
- Ha tilstrekkeleg og aukande fagkompetanse
- Utvikle og implementere nye grunnskulelærarutdanningar
- Studentrekruttering innan grunnutdanningane

#### Verksemdsmål 1.1

*Høgskulene skal utdanna kandidatar med høg kompetanse med relevans for samfunnets behov.*

#### *Studietilbod – ei marginal nedgang i mengd studentar ved HSH*

Tabell 1 Mengd registrerte (eigenfinansierte) studentar.

	2007	2008	2009	2010
HSH	2 384	2 610	2901	2875
ALK	730	828	957	954
ATØM	908	967	1046	1104
AHF	746	815	897	810

Kjelde: DBH

Tabell 2 Heiltidsekvivalentar<sup>1</sup> (eigenfinansierte<sup>2</sup>), snitt av haust og vår

	2007	2008	2009	2010
HSH	2051	2191	2444	2560
ALK	614	685	796	900
ATØM	770	839	935	965
AHF	637	668	713	695

Kjelde: DBH

I samsvar med Bologna prosessen vart utdanningane rubrisert som 3-årig bachelor og 5-årig masterutdanning. Ein tenkte seg då bachelor for dei mange og master for dei få. Dette biletet er i ferd med å endra seg, og det har skjedd fort. Det kan synast som svært mange no ser for seg at dei må ha ein mastergrad for å vera attraktive på arbeidsmarknaden.

For 5-6 år sidan hadde vi om lag 1900 studentar ved HSH, der mesteparten var grunnutdanningsstudentar. Talet på studentar har i dei siste par åra stabilisert seg på i overkant av 2900 studentar (2550 heiltidsekvivalentar), der det auka studenttalet i stor grad består av studentar på EVU og master (sjå tabell nedanfor). Differansen mellom studenttalet og talet på heiltidsekvivalentar er mindre i 2010 enn i 2009, noko som i stor grad skuldast at langt fleire av studentane på EVU går på studiar med eit større omfang enn tidligare. I tillegg til dette er det prognostisert ein vidare auke i studenttalet i høgare utdanning fram til 2015.

Det trengst både personalressursar og tekniske ressursar for å driva utdanning. HSH får per i dag eit basistilskot for om lag 2000 utdanningsplassar, som mellom anna skal dekke indirekte kostnader ved utdanningane. Med eit så høgt studenttal vil ein del indirekte kostnader måtte dekkast gjennom auka (marginale) inntekter, meir kostnadseffektiv drift eller gjennom reduksjon av bevilgningsfinansiert FoU-verksemd. Om lag 85 % av studentane våre er heimehøyrande i regionen. Den auka etterspørselen etter studieplassar ved HSH viser dermed at det er nødvendig med eit stabilt høgare studenttal enn det HSH per i dag har basisfinansiering til for å møte behovet i regionen. For å sikre langsiktig berekraftig drift, er det dermed behov for ei auka mengd studieplassar frå KD. Vi viser til eige punkt om behov for auka mengd studieplassar.

### **Etter- og vidareutdanningar ved HSH**

Vi ser grunn til å framheva den høge aktiviteten innan etter- og vidareutdanning. Når det gjeld tala for vidareutdanning i 2010 er det registrert 901 studentar som er registrert aktive våren 2010. For haustsemesteret er det registrert 735 aktive studentar. Av desse 735 er 488 nye studentar hausten 2010. Snittet for heile året er på om lag 810 registrerte studentar på EVU.

---

<sup>1</sup> 'Heiltidsekvivalent' viser kor mange studentar vi hadde hatt dersom alle hadde gått på heiltidsstudium.

<sup>2</sup> I tillegg har høgskulen 50 eksternfinansierte heiltidsekvivalentar.

Som del av tilpassing av aktiviteten har HSH i budsjetthandsaminga for 2011 lagt til grunn å redusera dei studiepoengfinansierte tilboda, og samtidig prøva å løfta fram tilbod som er finansiert gjennom studentavgifter eller bidrags- og oppdragsfinansierte. Eit døme på dette er skuleleiarutdanninga ein starta hausten 2010 i samarbeid med Forum for oppvekst i Sunnhordland. Då dei fleste tilboda til HSH er retta mot offentleg verksemd, vil nok dette føra til ei nedgong i talet på vidareutdanningsstudentar ved HSH. Dette blir ei tilpassing mot HSH si dimensjonering.

EVU- kontoret har i lag med avdelingane, satsa meir på etterutdanning/seminar i 2010. Særleg då i kombinasjon med vidareutdanningar. Viss eit vidareutdanningstilbod har gjesteførelesar eller eit tema som kan ha interesse for ekstern marknad, lyser me dette ut som seminar.

Slike samlingar gjev alt frå 15 og til då 325 deltakarar, i tillegg til då dei ordinære vidareutdanningsstudentane. EVU har gjennomført 18 seminar og 18 etterutdanningskurs i løpet av 2010

Me viser nokre av tilboda for å vise omfanget og mangfaldet:

Døme på oppdragsfinansierte vidareutdanningar:

- Skuleleiing (30 stp.) med 40 deltakarar
- Rettleiing (10 stp.) med 46 deltakarar
- Rettleiing (5 stp.) med 29 deltakarar
- Psykososialt arbeid med barn og unge (60 stp.) med 85 deltakarar (tre kull)
- Diplomprosjektet (Sveis) med 13 deltakarar
- Planlegging for leverandørindustrien (20 stp.) med 49 deltakarar (to kull)

Kvalitetslederskolen og Verneingeniørskolen er også oppdrag HSH har for industrien. Totalt har desse to tilboda i 2010 23 deltakarar.

Døme på studiepoengfinansierte vidareutdanningstilbod er:

- Lesetrening (30 stp.) med 58 deltakarar
- Psykisk helsearbeid (60 stp.) med 66 deltakarar
- IKT i faga (20 stp.) med 30 deltakarar
- Omstillingslære (10 stp.) med 87 deltakarar
- Føretaksøkonomi (60 stp.) med 39 deltakarar
- LOS-programmet (60 stp.) med 51 deltakarar
- Tilpassa opplæring (30 stp.) med 44 deltakarar
- Geriatri (60 stp.) med 46 deltakarar
- Rusproblematikk (60 stp.) med 52 deltakarar
- Sveiseteknikk (20 stp.) med 24 deltakarar

I 2010 har det vore arbeida mykje med administrasjons- og styringsprosessar knytt til etter- og vidareutdanningane. Dette sikrar gode beslutningsgrunnlag for kva utdanningar som skal settast i gang og ei forutsigbar og heilskapleg oppfølging av utdanningstilboda.

### *Søkjarar gjennom samordna opptak og lokale opptak*

HSH har hatt ein auke i talet på kvalifiserte fyrstevalssøkjarar frå 2009 til 2010. Auken er ikkje så stor, men viser forhåpentlegvis at dette forholdstalet er i positiv utvikling.

Tabell 3 Styringsparameter verksemdsmål 1.1

Styringsparameter	Resultat			Ambisjonsnivå	Resultat
	2007	2008	2009	2010	
Mengd kvalifiserte fyrstevalssøkjarar per studieplass	0,75	0,65	0,71	0,7	0,79

Kjelde: DBH

Gjennom samordna (SO) opptak har HSH 1,1 søkjar til kvar studieplass (1,2 i 2009). Det er viktig å presisere at dette er søkjarar gjennom samordna opptak. Vi har i tillegg lokale opptak til ingeniørstudium, årsstudium og enkeltemne, praktisk pedagogisk utdanning og masterstudium som aukar dette forholdstalet betydeleg.

I 2010 betydde dette at 633 av studentane som møtte til grunnutdanningane hadde søkt gjennom samordna opptak. Dette er ein nedgang frå 2009, da talet var på 696. I tillegg var det 283 studentar som møtte til grunnutdanningane som hadde søkt gjennom lokalt opptak. Dette er en auke frå 2009 då talet var 260 studentar som kom gjennom lokalt opptak.

Utviklinga for HSH syner at vi er avhengig av eit stort lokalt opptak for å fylle opp studieplassane våre. Dette gjeld i stor grad for ingeniørstudiane, der kvalifiseringstiltak (realfagskurs og sommarkurs) er avgjerande for å holde eit stabilt tal på kvalifiserte studentar. HSH tar opp fleire studentar til bachelor i ingeniørfag gjennom lokalt opptak samanlikna med opptak gjennom SO (sjå tabell).

Tabell 4 Korrigering av mengd kvalifiserte fyrstevalssøkjarar frå samordna opptak med søkjarar frå lokale opptak

Ingeniør (Bachelor)	2008	2009	2010
Samordna opptak	33	48	48
Lokalt opptak	72	65	61
Totalt	105	113	107

Kjelde: FS

### *Del av studentar som er møtt i forhold til mengd ja-svar*

Talet på studentar som møter på studiet i forhold til ja-svar er relativt stabilt med små endringar frå år til år. Av dei studentane som svarer ja, så møter i snitt 9 av 10 studentar til studiestart.

Ser ein derimot på forholdet mellom talet på tilbud som HSH sendar ut (inkl. restetorg) gjennom SO, så visar dette forholdstalet ei negativ utvikling. Dette ser ein og på nasjonalt nivå. I 2008 møtte fleir enn 2 av 3 studentar, mens ein i løpet av de to siste åra ser at no berre om lag halvparten av studentane som har motteke tilbud møter til studiet.

**Tabell 5 Forhold alle tilbud og møtte studentar (Samordna opptak)**

2008		2009		2010	
Tilbud	Møtt	Tilbud	Møtt	Tilbud	Møtt
882	607	977	627	1174	630
69 %		64 %		53 %	

Kjelde: DBH

Forholdet mellom fyrstevalsøklarar og tal møtt viser ei anna og positiv utvikling for same periode (2008-2010). HSH har dei siste åra, i samarbeid med Studentsamskipnaden, hatt eit fokus på oppfølging av fyrstvalsøklarane ("sommarsprosjektet"). I kor stor grad dette har vært med på å auke dette forholdstalet i perioden er vanskelig å sei noko sikkert om. Men fyrstevalsøklarane har i "Kvifor HSH?" gitt gode tilbakemeldingar til dette tiltaket.

**Tabell 6 Forhold tilbud og møtte fyrstevalsøklarar (Samordna opptak)**

2008		2009		2010	
Tilbud	Møtt	Tilbud	Møtt	Tilbud	Møtt
508	403	518	418	529	446
79 %		80 %		84 %	

Kjelde: DBH

## Verksemdsmål 1.2

*Høgskulene skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøming*

### Studiepoengproduksjon

Studiepoengproduksjon målt i heiltidsekvivalentar har vist ei positiv utvikling for HSH dei siste åra. Dette har sjølvstilt samanheng med auken i studenttal, både registrerte studentar og omgjort til heiltidsekvivalentar. Frå 2009 til 2010 har studiepoengproduksjonen auka med 100 heiltidsekvivalentar. Dette vil slå positivt ut på dei økonomiske rammene frå KD i 2012 (ca. 4-5 mill kr).



Utviklinga er positiv for alle tre fagavdelingane, som alle viser auke, både for 2010 og for heile perioden frå 2008 til 2010.

**Tabell 7 Total studiepoengproduksjon ved HSH (heiltidsekvivalentar)**

	<b>2008</b>	<b>2009</b>	<b>2010</b>
HSH	1 773	1 826	1926
ALK	614	632	646
ATØM	606	633	664
AHF	553	561	616

Kjelde: DBH

Frå 2009 til 2010 har HSH sett under eitt og alle fagavdelingane vist ein auke i studiepoengproduksjon pr. heiltidsekvivalent. Framleis er det ATØM som ligg høgst, med AHF lågast.

**Tabell 8 Mengd nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekvivalent per år**

<b>Styringsparameter<sup>3</sup></b>	<b>Resultat</b>			<b>Ambisjonsnivå</b>	<b>Resultat</b>
	<b>2007</b>	<b>2008</b>	<b>2009</b>	<b>2010</b>	
Mengd nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekvivalent per år	45,9	46,2	41,7	45,0	<b>45,2</b>
ALK	-	49,4	44,3	45	46,2
AHF	-	49	42	49	49,5
ATØM	-	41,2	39,1	40	41,7

Kjelde: DBH

Snittproduksjonen er noko låg, med 45,2, og har samband med at HSH har mange EVU- studentar som ikkje går på heiltidsstudier og som heller ikkje har planlagt å produsere 60 studiepoeng pr.studieår. Ser ein på dei konkrete heiltidsutdanningane (tabell under) ser ein at studiepoengproduksjonen ligg noko høgare enn for snitt pr. avdeling og for HSH totalt.

Studiepoengproduksjonen pr. heiltidsstudent er høgare på dei typiske profesjonsutdanningane med innslag av praksis og progresjonskrav enn på bachelor i ingeniørfag og økonomi og administrasjon.

Når det gjeld tal for ALU/GLU og for førskulelærar for 2008, så er desse noko for høge i forhold til seinare år. Dette har samband med at det på desse utdanningane ikkje var symmetri på når studentane fikk studiepoengutteljing. Studieplanane var bygd opp slik at meir enn 30 studiepoeng var lagt til vårsemesteret.

<sup>3</sup> Pr. haust 2010

GLU og førskulelærer viser ein jamn og rimelig god produksjon. Sjukepleiestudiet viser ei positiv utvikling saman med bachelor i nautikk. Mens ingeniør og øk.adm ligg noko lågt og har eit forbettringspotensiale.

**Tabell 9 Mengd nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekivalent (grunntdanningane gj.snitt for haust og vår)**

	2008	2009	2010
ALK – grunnskulelærer <sup>4</sup>	57,3	52,1	52,3
ALK – førskulelærer <sup>5</sup>	65,5	50,7	51,5
AHF – sjukepleie Stord	51,4	49,4	53,0
AHF – sjukepleie Hgsd	50,2	49,1	50,9
ATØM – ingeniør <sup>6</sup>	47,1	44,2	43,3
ATØM – nautikk	46,3	48,2	52,5
ATØM – øk/adm	43,1	41,2	41,7

Kjelde: DBH

Alle studia ved HSH har i 2009 og 2010 hatt spesielt fokus på 'førsteårsstudenten' for å redusere fråfall og auke studiepoengproduksjonen. Studia har hatt ulike tiltak. Innan nautikk, økonomi og administrasjon og ingeniør er det realfagskompetanse som er ei utfordring. Vi tilbyr derfor utvida matematikkundervising på økonomi og administrasjon og nautikk, samt betydeleg auka undervisningsintensitet i realfaga det fyrste året på ingeniørfag.

Innan helsefag ligg studiepoengproduksjonen rundt 50. Avdelinga meiner denne differansen opp mot 60 studiepoeng kan sjåast som effekt av god kvalitetssikring. Studentane blir følgd tett opp, og det er fråfall mellom anna på grunn av feil studieval, studentar blir rettleia ut. I 2010 vil det likevel fortsett bli retta merksemd mot dette området frå avdelinga, med ei vidareutvikling av introduksjonsprogrammet for "førsteårsstudenten".

Innan lærarutdanningane har prosjekt 'førsteårsstudenten' først og fremst hatt fokus på motivasjon/introduksjon, studieteknikk og personleg utviklingsamtale. Tiltaka har i all hovudsak berre verka eit drygt studieår, og vi vil følgje opp dette også i 2011, før vi byrjar å sjå på målbare kvantitative resultat.

<sup>4</sup> Allmennlærer i 2008, gjennomsnitt allmennlærer og GLU 1-7 i 2009, og gjennomsnitt av GLU1-7, GLU 5-10 og allmennlærer i 2010

<sup>5</sup> Basert på gjennomsnitt av studieprogram ordinær og natur- og friluft frå og med 2009

<sup>6</sup> Basert på gjennomsnitt av studieprogram maskin og sikkerhet

Deltidsstudenten; den typiske EVU-studenten produserar og fullfører sine studier i stor grad og etter normert studieprogresjon. Som tidligare nemnt er mange av EVU-tilboda som gis av HSH på 30 studiepoeng pr. studieår. Den noko høge produksjonen på PPU har den same forklaringa som for dei andre lærarutdanningane, at det var ulik fordeling mellom når studentane fikk studiepoengutteljing. Slik at talet frå 2010 er det mest "korrekte".

**Tabell 10 Mengd nye studiepoeng per eigenfinansiert deltidsstudent/videreutdanning på 30 studiepoeng (eit eksempel frå kvar avdeling)**

	2008	2009	2010
ALK- PPU	35,3	33,8	27,5
AHF – psykisk helsearbeid	28,7	27,7	29,4
ATØM – LOS programmet	-	27,3	25,7

Kjelde: DBH

### *Ei auke i mengd uteksaminerte kandidatar og betre gjennomføringsgrad*

Tabellen nedanfor viser utviklinga i mengd ferdige kandidatar som er uteksaminert ved HSH i perioden frå og med 2008 til 2010. Tabellen viser at det har skjedd ein svært positiv utvikling av kandidatproduksjonen i løpet av perioden. I 2010 er auken for HSH på 12,3 %, og både ALK (med ein auke på 21,2 %) og ATØM (med ein auke på 22,6 %) har god auke. AHF har ein liten nedgang i høve til 2009.

**Tabell 11 Mengd ferdige (uteksaminerte) kandidatar**

	2008	2009	2010
HSH	451	470	528
ALK <sup>7</sup>	164	165	200
ATØM	99	150	184
AHF	188	155	144

Kjelde: DBH

### *Produksjon i høve til utdanningsplanar*

Utdanningsplanen er ein oversikt over alle faga som ein student planlegg å ta i sitt studieløp. Tabellen nedanfor viser gjennomføringsgraden for studentane i perioden 2007 til 2010, målt som det prosentvise forholdet mellom kor mange studiepoeng som studentane tok i forhold til det dei hadde planlagt. I 2010 gjennomfører studentane ved HSH 87% av dei studiepoenga dei planlegg. Utviklinga

<sup>7</sup> Inkl. PPU (83 kandidatar i 2010 og 57 kandidatar i både 2009 og 2008)

er veldig stabil og ligg omtrent på snittet for statlege høgskuler. Variasjonane ser ein tydeleg mellom avdelingane og dei ulike studiane.

Tabell 12 Gjennomføring i samsvar med avtalte utdanningsplanar

Styringsparameter	Resultat			Ambisjonsnivå	Resultat
	2007	2008	2009	2010	
Gjennomføring i samsvar med avtalte utdanningsplanar	86,9	87,2	88	88	<b>87</b>
ALK	87	88	92,1	90	90
ATØM	78,8	81,6	80,7	80	77
AHF	96,3	93	93	95	98

Kjelde: DBH

### *Studentar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar*

HSH nådde ikkje heilt sitt mål på dette parameteret for 2010. Innslaget av mange timelærarar spesielt innanfor ATØM er fortsatt noko høgt. HSH meiner likevel at dette ikkje nødvendigvis går ut over kvaliteten på undervisninga eller utdanningane, fordi tett kontakt med næringslivet og bruk av lærarar frå næringslivet kan vera eit positivt supplement både innanfor ingeniørutdanningane, nautikk og øk.adm.

Tabell 13 Studentar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling

Styringsparameter	Resultat			Ambisjonsnivå	Resultat
	2007	2008	2009	2010	
Studentar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	16,5	18,1	18,5	18,4	17,9
ALK	13,3	14,8	16,7	15	15,8
ATØM	21,4	23,6	22	20	20,3
AHF	16,7	18,2	17,8	17	17

Kjelde: DBH

### Fråfall i utdanningane

HSH har hatt stort fokus på fråfall i utdanningane dei siste studieåra. Det har vore god oppfølging både frå fagmiljø og frå studiekonsulentar for å følgje opp og registrere fråfall, både med omsyn til årsak og kva høgskulen kan setje inn av tiltak for at flest mogleg skal lykkast i studiet.

Tabell 14 Fråfall i utdanningane; utvikling i perioden 2008-2010

Prosentvis fråfall etter endt 1.semester (grunnutdanningane)	2008	2009	2010
ATØM – Ingeniør	9 %	7 %	9 %
ATØM – Nautikk	7 %	28 %	10 %
ATØM – Øk/adm	16 %	20 %	19 %
ALK – ALM	7%	-	-
ALK – GLU (1-7)	-	36 %	21 %
ALK – GLU (5-10)	-	5 %	8 %
ALK – FLU (ordinær)	-	16 %	15 %
ALK – FLU (natur og friluft)	Ikkje opptak	32 %	0 %
ALK – PPU	10 %	7 %	16 %
ALK - Master	26 %	37 %	20 %
AHF – sjukepleie Haugesund	24 %	14 %	6 %
AHF – sjukepleie Stord	17 %	20 %	10 %

Kjelde: FS

Innanfor UH-sektoren snakkar ein gjerne om eit ”naturleg fråfall”. Det er studentar som fort finn ut at studiet de har tatt fatt på ikkje svarar til forventningane eller er i tråd med det de ser før seg med omsyn til framtidig yrke.

Tala syner at det er store skilnader mellom dei ulike utdanningane. Samstundes så kan ein og sjå ei positiv utvikling i perioden for mange av utdanningane med lågare fråfallsprosent.

### Verksemdsmål 1.3

*Høgskulene skal ha eit utstrakt internasjonalt utdanningssamarbeid av høg kvalitet, som bidreg til auka utdanningskvalitet.*

HSH har på institusjonsnivå nådd sitt ambisjonsnivå når det gjeld inn og utreisande studentar i 2010. Ut frå storleiken på høgskulen og dei ressursar som kan allokeraast til internasjonalisering, så er vi ved HSH godt nøgde med dei resultatane vi har greidd innanfor studentutveksling.

Strategien for 2010 var i det vesentlege å vidareføre det påbegynte arbeidet med å styrke det internasjonale nettverket i Europa med den hensikt at fleire studentar var i utveksling her. Det er gjennomført institusjonsbesøk hjå ei rekke partnarar for å marknadsføre HSH for studentar ved partnarinstitusjonane. Det blir arbeida for å auke talet på engelskspråklege tilbod for å tiltrekke fleire internasjonale studentar. Planmessig marknadsføring blant eigne studentar blir gjennomført.

På avdelingsnivå ser vi at avdeling AHF har ein høgare aktivitet enn dei to andre avdelingane. Både på ALK og på ATØM var det fleire innreisande enn utreisande studentar i 2010, mens det på AHF var motsatt. Dette er noko som vi og såg i 2009.

Tabell 15 Mengd utvekslingsstudentar i 2010

Styringsparameter	Resultat				Ambisjonsnivå	Resultat		
	2007	2008		2009	2010			
Mengd utvekslingsstudentar	86,0	99,0		122	120		131	
		Inn	Ut	Inn	Ut	-	Inn	Ut
ALK	29	14	14	9	4	-	16	6
AHF	34	15	28	22	38	-	22	31
ATØM	23	30	24	26	23	-	36	20

Kjelde: DBH

Når det gjeld helsefag, med ein stor auke i inn/utveksling av studentar, er utfordringa no å finne eit 'tak' for å sikre kvalitet på praksisstudiar – både ute og inne. For mange internasjonale studentar inn er ei utfordring – fordi det belastar praksis med rettleiing på engelsk – noko ein har lite trening i. For å bøte på dette har HSH utvikla eit kurs i helsefagleg engelsk for praksisrettleiarar med over 50 deltakarar som vart gjennomført våren 2010.

For mange studentar ut gir nedgong i studiepoengproduksjon og er på den måten ei økonomisk belastning så lenge ein ikkje har det tilsvarande talet inn som produserar den same mengd

studiepoeng. Avdeling for helsefag har eit mål om å bli betre på fagleg samarbeid både innanfor utdanning og FoU. I 2010 har fleire internasjonale kontaktar vitja avdelinga, og HSH/avdelinga har vitja samarbeidsinstitusjonar i utlandet.

ATØM har auka talet på utreisande studentar i 2010, særleg innanfor ingeniørfag. Talet på innreisande studentar er om lag som i 2009. Ein ynskjer å stramme grepet om berre å tilby emne på engelsk i 5.semester. Dette for å sikre best mogleg kvalitet på tilboda om engelskspråkleg undervisning og gode "pakker" for innreisande studentar.

Avdeling for lærarutdanning og kulturfag (ALK) har gitt eit grunnutdanningstilbod på engelsk; "Fjords and Glaciers", på 30 studiepoeng. Tilbodet har vore gitt nokre år ved avdelinga, og er ikkje planlagt for studieåret 2011. Det viktigaste omsynet er at studiet er relativt kostnadskrevjande med den stramme økonomien som HSH har for budsjettåret 2011.

**Tabell 16 Mengd framandspråklege utdanningstilbod i 2010**

Styringsparameter	Resultat			Ambisjonsnivå	Resultat
	2007	2008	2009	2010	
<b>Mengd framandspråklege utdanningstilbod</b>	<b>9,0</b>	<b>16,0</b>	<b>14</b>	<b>13</b>	<b>14</b>
ALK	0	2	3	-	1
AHF	0	2	1	-	3
ATØM	16	7	2	-	5
Studietilbod i samarbeid med utanlandske Institusjonar (Fellesgrader)	-	-	-	-	-

Kjelde: DBH og FS

## Spesielle rapporteringspunkt under sektormål 1

### *Kvalitetssikringssystemet ved HSH*

HSH sitt kvalitetssikringssystem vart godkjent av NOKUT i desember 2008. Våren 2010 blei systemet evaluert av ei intern revisjonsgruppe i forhold til innhald/omfang, bruk, erfaringar, nytteverdi og funksjonalitet. Dette i lys av dei nye kriteria som NOKUT har for kvalitetssikringssystem. NOKUT fokuserar no meir på bruken og nytteverdien av systemet, enn på systemet i seg sjølv.

Revisjonsarbeidet peikte på at kvalitetssikringssystemet i HSH må forenklast, samstundes som vesentlege prosessar knytt til studiekvalitet og læringsmiljø må prioriterast og synleggjerast betre - slik at systemet vert meir handterbart og tenleg for tilsette og studentar.

Kvalitetssikringssystemet i HSH er såleis i ein konsolideringsfase både som system og i forhold til funksjonsevne på operativt nivå i studia og FoU-verksemda. Den nye tilsynsforskrifa om utdanningskvalitet i høgare utdanning frå NOKUT vert viktig i det vidare utviklingsarbeidet.

Eit anna utviklingsområde er å forankra og tilpassa systemet betre mot råds- og utvalsstrukturen i HSH. Utvikling og evaluering av Læringsmiljøkonferansen, som er eit sentralt omdreiingspunkt i vårt kvalitetsarbeid, vil òg bli igangsett.

### *Emneevalueringar og referansegrupper som ein implementert del av kvalitetssikringssystemet*

Det er gjennomført prosessar med evalueringar av emne og studieprogram i løpet av studieåret. Dette er ein implementert del av kvalitetssikringssystemet.

Resultata frå referansegrupperapportane viser at dei fleste tilhøve som vart tatt opp har medført konkrete endringar undervegs i studiet eller endringar i emnet, som på sikt vil føre til kvalitetsforbetring.

HSH, på lik linje med andre universitet og høgskuler, slit med låg svarprosent på emneevalueringar og studieprogramevalueringar som blir gjennomført elektronisk. Dette viser at systemet med referansegrupper for kvart enkelt emne eller utdanning er ein enda viktigare faktor for å få konstruktive tilbakemeldingar om emnet/studiet.

### *HSH si oppfølging av NOKUT si evaluering av førskulelærerutdanninga*

Vi viser til planen for oppfølging av evalueringa av førskulelærerutdanninga (FLU) som blei handsama i styremøte på HSH 16.12.2010 og send Kunnskapsdepartementet innan fristen 20.12.

Den tverrfaglege arbeidsgruppa, som skal utarbeide ein strategisk plan for kvalitetsutvikling av førskulelærerutdanninga i et langsiktig perspektiv, er i ferd med å bli nemnt opp, og skal i gang med arbeidet i løpet av mars.

Status for nokre av områda i planen:

#### *Utdanninga sin status og ressursar i institusjonen*

Det er sendt søknad om eit forprosjekt innanfor barnehagefeltet til eit av dei eksterne utlysingsprogramma, og førskulelærerutdanninga vil få stimuleringsmidlar internt i 2011.

#### *Organisering av utdanningen i lys av studentrekruttering og ressursituasjonen*

- Mannlege studentar er med på ulike tiltak i marknadsføringa av utdanninga, og førskulelærerutdanning er likestilt med GLU i marknadsføringstiltak.
- Samarbeide med Fylkesmannen i Rogaland om ein ekstra marknadsføringskampanje av FLU og GNIST i Rogaland og Hordaland for også å marknadsføre FLU.



### *Kompetanseutvikling av fagpersonale og rekruttering til undervisningsstillinger*

- Arbeidet med kompetanseplan i avdelinga er godt i gang, og skal være klar i mars i forbindelse med tildeling av kompetansemidlar frå høgskulestyret.
- Avdelinga skal ha inn søknader frå fagpersonale når det gjeld kompetanseheving innan 1. mars.
- Lærarbehovet på FLU neste år vil bli avklart i slutten av februar.

### *Kvalitetssikring av praksis*

- Evaluering av praksisbarnehagane 2010-11 er i gang, og alle studentane leverer evalueringsskjema etter gjennomført praksis 2010-11.
- Utlysning til praksisfeltet om å bli praksisbarnehage kjem ut i første del av april. Utlysningsteksten skal konkretisere rettigheter og plikter som praksisbarnehage mye tydelegare enn tidlegare.
- Planlegger tilbod i rettleiingspedagogikk for praksislærare også i 2011-12

### *Faglige innhald i utdanninga*

- Større fokus på leiing, og leiaropplæring er innført i praksis i første studieår no frå vårsemesteret 2011.
- Faga er forplikta til å ha større fokus på dei minste f.o.m. vårsemesteret 2011.
- Resultata frå trivnadsgranskinga for HSH i januar er drøfta med fagpersonalet, og tiltak knytt til ulike studiar blir satt i verk.

### *Regionalt samarbeid*

- HSH er med på søknaden til Utdanningsdirektoratet fra HiB gjennom UH-Nett Vest om styrarutdanning i barnehagen.
- Studieleiarar på førskulelærerutdanningane er invitert på møte i UH-Nett Vest i mars 2011.

### *Oppfølging av nyutdanna*

- HSH arrangerte det første desentraliserte nettverksmøte for nyutdanna i Kvinnherad i januar 2011.
- HSH planlegg eit nytt kull på rettleiarutdanning hausten 2011.

### *HSH si oppfølging av ny grunnskulelærerutdanning (GLU)*

Ny GLU blei starta opp på HSH som einaste prøveprosjekt ved studiestart hausten 2009. Gjennom fyrste studieår vart departementet halden orientert om korleis prøveprosjektet fungerte. I same periode vart styret ved HSH orientert om korleis prosjektet vart organisert og framdrifta i prosjektet.

Styret bevilga ekstra midlar for marknadsføring for GLU i 2010, dels for å følge opp den nasjonale GNIST- kampanjen på best mogleg måte i regionen. For HSH, som ligg i to fylker, og dermed har både

Rogaland og Hordaland fylke som me må samarbeide med, så har dette vore ein prosess som har krevd mykje interne ressursar.

Både i 2009 og i 2010 har styret vorte godt orientert, og styret har vist stor forståing for at ny GLU krev mykje arbeid og ressursar om det skal lykkast å bli ei kvalitativ god lærarutdanning. Samarbeidet med regionen, både skular og kommunar, har vore særst godt gjennom heile prosessen.

### *Brucarundersøking – Ei positiv utvikling i den opplevde studiekvaliteten ved HSH*

I tilfredsheitsundersøkinga for 2010 vart programkvaliteten for alle grunnutdanningane og nokre av dei store etter- og vidareutdanningane ved HSH evaluert ved hjelp av spørjeskjemaet "Erfaringer med studiet" (EMS). Dette skjemaet er ein norsk versjon av "Course Experience Questionnaire", som er eit internasjonalt kjent og anerkjent studentevalueringsinstrument for kartlegging av opplevd undervisningskvalitet og studentane si vurdering av læringsmiljø. I denne undersøkinga evaluerer studentane programkvaliteten ut frå påstandar knytt til faktorane god undervisning, klare mål, gode vurderingsformer, passande arbeidsbyrde, generelle ferdigheiter og studentautonomi.

Tabellen under viser gjennomsnittsskåren for studia ved HSH på spørsmålet om kor godt nøgde dei er med kvaliteten på utdanninga på ein skala frå 1-5, kor kvaliteten blir vurdert som betre jo høgare skår. Studentane ved Masterstudiet i IKT i læring er mest nøgde saman med studentane på førskulelæring, ordinær og sjukepleie i Haugesund.

Totalt sett for heile HSH viser Trivnadsgranskinga ein liten positiv auke, og for mange av utdanningane er det svært gledelege tal for 2010. Eit par av utdanningane har likevel eit klart forbettringspotensiale.

Dei ulike faktorane som inngår i granskinga, får forskjellige skår. Og det er framleis utfordringar å ta fatt på for å auke den totale kvaliteten på dei fleste av utdanningane. Desse utfordringane blir følgd opp i dei enkelte studia.

**Tabell 17 Studentane sin tilfredsheit med kvaliteten på studiet (Gjennomsnittsskår på ein skala frå 1-5).**

	<b>2008</b>	<b>2009</b>	<b>2010</b>
<b>HSH totalt</b>	<b>3,7</b>	<b>3,7</b>	<b>3,8</b>
ATØM – Ingeniør (samla)	3,5	3,2	3,6
ATØM – Nautikk	3,4	3	3
ATØM – Øk/adm	3,5	3,3	3,6
ALK – GLU/ALM	3,8	3,5	3,6
ALK – FLU (ordinær)	3,5	3,7	4,2

ALK – FLU (natur- og friluft)	-	3,7	3,7
ALK – PPU (deltid)	4,2	4,4	3,7
ALK – Master IKT	4,6	4,6	4,8
AHF – sjukepleie Haugesund	3,8	3,9	4,1
AHF – sjukepleie Stord	3,9	3,4	3,9
<i>Mengd respondentar</i>	<i>903</i>	<i>809</i>	<i>768</i>

Kilde: Trivnadsgranskinga i 2009, 2010 og 2011

Ved implementeringa av kvalifikasjonsrammeverket blir forventa arbeidsbelastning (work load) ein viktig faktor. For ein fulltidsstudent er det 1600 timar pr. studentårsverk, som blir forventa arbeidsveke pr. student på omkring 40 timar pr. veke.

I Trivnadsgranskinga blir studentane spurt om kor mykje de arbeider med studiane pr. veke.

**Tabell 18 Mengd arbeidstimar til utdanningane pr. veke (gjennomsnitt)**

<b>Styringsparameter</b>	2008	2009	2010
<b>HSH totalt</b>	<b>29</b>	<b>28</b>	<b>28</b>
ATØM – Ingeniør (samla)	34	34	33
ATØM – Nautikk	33	33	30
ATØM – Øk/adm	28	30	26
ALK – GLU/ALM	30	27	27
ALK – FLU (samla)	31	25	27
ALK – PPU (deltid)	10	11	10
ALK – Master IKT	23	22	19
AHF – sjukepleie Haugesund	30	30	33
AHF – sjukepleie Stord	32	33	35
<i>Mengd respondentar</i>	<i>903</i>	<i>809</i>	<i>768</i>

Kilde: Trivnadsgranskinga 2009, 2010 og 2011

Resultata syner at timer pr. veke i snitt ligg lågt for mange av utdanningane, med omsyn til at dei fleste er heiltidsutdanningar, og at vi forventar at ein fulltidsstudent skal arbeide om lag 40 timer i veka på studiet. Dette er ei utfordring både for HSH og for sektoren generelt.

### *Læringsmiljøutvalet (LMU) ved HSH*

LMU er eit godt fungerande utval, og har i 2010 hatt 8 møter. Årsrapport om LMU sitt arbeid vart lagt fram for styret hausten 2010. Rapporten byggjer på LMU sin handlingsplan som blir revidert kvart semester, og som skisserer dei tiltak som vert teken opp i LMU og kor ansvar og utførande ansvarleg for dei ulike prosjekt/tiltak blir synleggjort. LMU har også årlege dialogmøtar både med rektor og direktør og med studiekvalitetsutvalet. LMU har vidare eit godt samarbeid med Statsbygg og studentsamskipnaden, noko som er viktig i ein del enkeltsaker. Etter behov blir det satt ned prosjektgrupper når større oppgåver skal planleggjast og setjas i verk.

### *Læringsmiljøkonferansen: Ein sentral arena for utviklinga av studiekvaliteten ved HSH*

LMU er ansvarleg for å gjennomføre den årlege læringsmiljøkonferansen ved HSH. LMU samarbeidar med Studentparlamentet (studentane), studiekvalitetsutvalet og studentsamskipnaden om dette arrangementet.

Den årlege læringsmiljøkonferansen (LMK) er ein sentral arena for utvikling av studiekvaliteten ved HSH. Tema for konferansen i januar 2010 var todelt: Utfordringar for sektoren med omsyn til fusjonar og samarbeid og Kva er fusk? Konferansen omhandla programkvalitet og rammekvalitet ut frå funn/data frå trivnadsgranskninga. Kva er det vi på HSH bør ha fokus på – kva kan vi saman gjera noko med?

Resultata frå læringsmiljøkonferansen er følgd opp av dei enkelte avdelingane og studia, og også av administrasjonen. Funna vart også følgd opp i emneevalueringane og i studieprogramråd i løpet av 2010. På læringsmiljøkonferansen i januar 2010 ga høgskolen tilbakemelding til studentane om korleis resultata frå fjorårets konferanse hadde vorte følgd opp, og kva som ble arbeid vidare med.

### *Tilrettelegging for funksjonshemma studentar*

Læringsmiljøutvalet legg vekt på universell utforming, eit godt læringsmiljø prega av gode rammefaktorar og eit godt psykososialt arbeidsmiljø. Studentrådgivar er koordinator for funksjonshemma studentar og studentar som treng særskilt tilrettelegging i studiet. I løpet av 2010 var det 192 studentar som tok kontakt med og som fikk hjelp av studentrådgjevar.

Høgskulen har ein revidert Handlingsplan for funksjonshemmastudentar 2007 – 2011. Denne planen vert revidert minst kvart fjerde år eller når behova melder seg. Alle studentar som kan dokumentere funksjonshemming, sjukdom, skade eller lyte får søknaden sin om tilrettelegging vurdert. Dette gjeld tilrettelegging både på studiet og til eksamen. I tillegg får alle studentar med synsproblematikk og lese-/skrivevanskar tilbod om lydbøker frå Norsk lyd- og blind bibliotek. Høgskulen har også samarbeid med hjelpemiddelsentralen for utlån av hjelpemiddel for dei med spesielle behov. Dette gjeld fysiske hjelpemiddel og ulike lisensar som IKT-hjelpemiddel.

Me har jamleg gjennomgang av campus både på Stord og i Haugesund saman med Statsbygg og funksjonshemma studentar for å teste ut det fysiske miljøet. Målet er Universell utforming og gode rammefaktorar for alle studentar.

Når det gjeld det psykososiale miljøet er desse tiltaka meint som førebyggjande tiltak:

- Semesterstart med gode faddertiltak
- Oppretting av Psykososialt team (som tek opp bekymringsmeldinger)
- Ruspolitikk er sett på agendaen og det er lagt ein prosedyreplan ved rusbruk
- Kurs i meistring av eksamensangst

7-9 % av studentane av den totale studentpopulasjonen går på attføring. Denne studentgruppa har høgskulen hatt fokus på for å leggje til rett slik at dei kan lykkast med studiet sitt. Dette kan gjelde studentar med fysiske og/eller psykiske funksjonshemmingar. I desse sakene samarbeider ein ofte med NAV.

## SEKTORMÅL 2

*Høgskuler skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forskning, fagleg og kunstarleg utviklingsarbeid.*

Høgskulen har definert følgjande strategiske og definerte utfordringar under sektormålet:

- Vidareutvikla forskingssamarbeid institusjonelt og i mellom forskarar
- Auka gjennomstrøyming i forskarutdanninga
- Ha fortsatt fokus på eksterne midlar til forskning
- Forankre programstruktur, arbeidsformer blant personalet
- Opprettholde ein vekstambisjon i dei respektive program
- Etablere god leiing i programma og prosjekta

### Verksemdsmål 2.1

*Høgskulene skal gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid tilby forskarutdanning av høg kvalitet. Forskarutdanninga skal vera innretta og dimensjonert for å ivareta behova i sektoren og samfunnet elles.*

HSH tilbyr ikkje sjølv forskarutdanning. Per desember 2010 har me ca 20 stipendiatar tilknytta HSH. Desse er tekne opp til PhD- program ved institusjonar i Norge, Sverige, Finland og Danmark. Det har vore 2 disputasar blant fagtilsette i løpet av året (v2010). Ein innan helsefag ved Universitetet i Bergen, medan den andre var innan Regionalvitskap ved Norges Handelshøgskole Bergen.

HSH deltek også i fleire samarbeid med relevans for forskarutdanningane:

- Me har i samarbeid med medlemsinstitusjonane innan UH-nett Vest arrangert kurs i vitskapsteori for førstelektorkandidatar, med Høgskolen i Volda som fagleg ansvarleg. 10 deltakarar frå HSH var med på dette kurset i 2010.
- Me er medlem og medeigar i Nasjonal Forskarskule for Lærarutdanning (NAFOL). Her har me i 2010 tre tilsette som er deltakarar.
- Me er medlem og medeigar i nyoppretta forskarskule innan musikk Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies. Dette er ein forskarskule oppretta i regi UH-Nett Vest. Noverande styreleiar kjem frå HSH.
- Me deltek i arbeid/utredningsgruppe i regi av UH-Nett Vest om etablering av forskarskule innan helse- og sosialfag.

Status for rekruttering innan ulike fagområde er ei stor utfordring sett i samanheng med at me står framfor ein del år med naturleg avgang av høgt kvalifisert personale (1.stillingar), og der det viser seg vanskeleg å rekruttera nye fagtilsette i stillingane med same høge faglige nivå. Me viser i den samanheng til plan for 2011 og fokusområdet for kompetanseheving.

Me viser elles til styringsparametera under verksemdsmål 2.4 og omtale av kompetanseutvikling under verksemdsmål 4.2.

Tabell 19 Styringsparameter under verksemdsmål 2.1

Styringsparameter	Resultat			Ambisjonsnivå	Resultat
	2007	2008	2009	2010	
Publikasjonspoeng per undervisnings, forskings og formidlingsstilling	0,22	0,34	0,28	0,28	0,28*
NFR-tildeling per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (i 1000-kroner)	11 200	47 900	61558	61558	41050
EU-tildeling per undervisnings-, forskings og formidlingsstilling (i 1000-kroner)	0,92	0,46	0,92	0,92	0,41

Kjelde: DBH

\*Talet er med atterhald, da dei er berekna manuelt. Offentlege tall vil ikkje liggje føre før i april

#### Verksemdsmål 2.4

*Dei statlege høgskulene har eit særskilt ansvar for profesjonsretta forskning, utviklingsarbeid, kompetanseutvikling og nyskapande verksemd i regionen. Samtidig skal dei statlege høgskulane innrette sin forskingsinnsats slik at dei oppnår resultat av høg internasjonal kvalitet innan fagområde dei tildeler doktorgrad, og samarbeide nasjonalt og internasjonalt om forskning og utviklingsarbeid.*

Forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsaktivitet har vore omfattande i 2010 med inntil 5 større forskingsprosjekt finansiert av Forskringsrådet. 2 av desse prosjekta er avslutta i løpet av året, medan 2 prosjekt er forlenga til mars 2011. Det femte prosjektet varar ut 2012. Dette har vore, og er, store samarbeidsprosjekt som involverar andre utdannings- og forskingsinstitusjonar nasjonalt og internasjonalt, og også nærings-/offentleg verksemd.

For å kunne oppnå gode kvalitative forskingsresultat, og også oppretthalda og vidareutvikla resultatane under styringsparametrane for sektor og verksemdsmål, er det primære og grunnleggjande målet å arbeide for å oppretthalda ei portefølje med forskings- og utviklingsprosjekt med ekstern finansiering. Det vil ikkje vere tilstrekkeleg med interne midlar for å oppretthalda aktiviteten på noverande nivå. Og slik sett er primærinnsatsen no retta mot å utvikla nye prosjekt som kan konkurrera om eksterne forskingsmidlar. Me viser også til omtala under SAK om forskingssamarbeid med andre institusjonar på Vestlandet.

Me har i 2010 mellom anna levert søknader som prosjekteigar til Forskringsrådets programmar PETROMAKS, FRITEK og DEMOSREG, men ikkje lukkast fram. Me har bidrege sterkt i søknad til RFF-Vest (regionalt forskingsfond vest), og til Forskringsrådets program MAROFF; ikkje som prosjekteigar, men med prosjektleiar. Her har me nådd fram med vellukka resultat til MAROFF. Dette er

brukarorientert innovasjonsprosjekt som inneber at bedrift er prosjekteigar med betydeleg eigenandel (Knutsen OAS/forsking på ballastvatn).

### *Arbeid mot, og utteljing i regionale forskingsfond*

Me viser til tidlegare omtale i rapport for 2009. Me vil utdjupe med å seie at det i RFF Vest har vore ei utlysing i 2010. Denne retta seg mot bedriftene som prosjekteigarar, og der desse skulle trekkje med seg FoU- institusjonar. Såkalla brukarstyrde innovasjonsprosjekt. Me var med i ein søknad i samarbeid med Knutsen OAS, men nådde ikkje fram i konkurransen. Dei tematiske føringane for denne utlysinga samsvarte ikkje nok med prosjektinnhaldet for å nå fram. Generelt vil me merke at utforminga av satseområda under RFF-Vest i varierende grad passar fag- og prosjektportefølje ved HSH.

### *Internasjonalisering i forsking og utviklingsarbeid*

Alle pågåande prosjekt og prosjektsøknadar har internasjonalt samarbeid med sterke forskingsmiljø innanfor dei aktuelle fagfelta. Dei internasjonale samarbeidspartnarane bidreg på ulike vis, men mellom anna ved:

- Å tilføra kompetanse som kan styrka prosjektet som heilskap.
- Å nytte internasjonale ressurspersonar til fagleg og forskingsmessig rettleiing.
- Å bidra med foredrag og rettleiing ved gjennomføring av faglege seminar, work shops o.l.
- Å engasjere professor II. Desse bidreg både i prosjektutvikling, søknadsskriving, rettleiing av forskarar, phd-kandidatar og også masterkandidatar.
- Å bidra og rettleie med publisering av vitskapelege resultat. Det er vesentleg at desse publiserast i internasjonale faglege tidsskrift.
- Å vere vertskap gjennom ekskursjonar og besøk ved andre institusjonar og brukarfelt.
- Å delta på internasjonale kongressar og konferansar og legge fram forskingsresultat på desse.

### *Arbeidet med å utvikle og konsentrere FoU-innsatsen og utvikle fagmiljø av høg kvalitet*

I 2010 har me halde fast ved programorganiseringa av FoU-aktiviteten ved HSH. FoU-programma vert leia av ein programleiar som har rettleiingskompetanse og følgjer opp forskingsaktivitetane i programmet. Dette er som oftast kombinert med ein prosjektleiarfunksjon. Interne ressursar til FoU-tid kanaliserast til FoU-programma.

Rapport for 2009 gav ei skildring og ein presentasjon av dei avdelingsvise FoU programma og aktivitetane under desse. I den grad det ikkje har vore betydelege endringar av desse, finn me ikkje grunn til å gå inn på dette her. Det er oppretta eit nytt FoU-program innan "Maritim Teknologi", og som har sitt hovudfokus retta mot petroleumsaktivitetar med brønnvedlikehald i form av undervasskomplettering (SubSea Well Intervention).



Tabell 20 Styringsparameter under verksemdsmål 2.4

Styringsparameter	Resultat			Ambisjonsnivå	Resultat
	2007	2008	2009	2010	
Mengd uteksaminerte doktorgradskandidatar, per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling			0,03 (5 kand.)	0,03	0,01 (2 kand.)
Mengd disputerte doktorgradskandidatar av opptatte personar på doktorgradsprogram fem år tidlegare	-	-	-	-	-

## SEKTORMÅL 3

*Høgskuler skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og bidra til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultat. Høgskulene skal også legge til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.*

Som ein regional høgskule er rolla som regionens samarbeidspart innan høgare utdanning og forskning og utvikling svært sentral. Kritiske suksessfaktorar for at me skal ivareta denne rolla på ein god måte er at me har nære og gode samarbeidsrelasjonar og har gode møteplassar for samarbeid med regionen.

HSH brukar mykje leiings- og fagressursar for å nå dette målet. Konsekvensen av dette er ei rekke studietilbod og studentar innan etter- og vidareutdanning, men også forskings- og utviklingsprosjekta medfør samarbeid med verksemder i regionen. Vår aktive rolle på ulike samarbeidsarenaer har også medverka til eksterne tilskot og oppdrag særleg innan tekniske og maritime fag. Dette gjer også synergjar for aktivitetane under sektormåla 1 og 2.

For omtale av samarbeid med andre forskingsinstitusjonar, viser me til omtala under SAK.

### Verksemdsmål 3.1

*Høgskulane skal gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt tilføre samfunnet resultat frå forskning og utviklingsarbeid.*

Høgskulen har vore pådrivar for ulike arrangement i regionen. Mellom anna har me vore (med)arrangør for Samtidsdagar, Forskingsdagar, Researchers Night, Barnebokfestival, Internasjonal aften, Gjesteforelesarar, Kulturnatt og offentlege eksamenskonsertar. Etter- og vidareutdanningane er i tillegg viktige for å formidle resultat frå, og få innspel til, forskings- og utviklingsarbeid.

Eit konkret eksempel på samarbeidsform i samband med arrangement i regionen er Forskingsdagane med seminar for interne og eksterne deltakarar. Det dominerande innslaget i Haugesund er Forskingstorget, medan på Stord har dagane mellom anna vore kombinert med aktivitetsdag for elevar i grunnskule. Vi har årlege seminar for praksisfeltet (helsearbeid og grunnskule) der arbeid med praksisprosjekt og bruk av praksisretteiingsmidlar vert formidla. Me forsøker å integrera forskingsresultat og ny kunnskap inn i EVU tilboda, der det er mogleg og aktuelt.

Innan tekniske, økonomiske og maritime fag arrangerast det årleg møte i eit arbeidslivråd som er oppnemnd med representantar både frå så vel næringsliv som offentleg verksemd. FoU-programma arrangerer eigne samlingar og seminar.

### *Tilrettelegging for god tilgjenge av forskingsresultat*

Når det gjeld institusjonen si tilrettelegging for god tilgjenge av forskingsresultat har me i 2010 gjort eit løft ved å etablere eigen skriftserie for HSH, kalla "HSH Rapport". I 2010 er det via HSH Rapport publisert 3 større forskingsrapportar, og der den eine i tillegg er supplert med 8 del/fag-rapportar.

Me har også etablert eit åpent elektronisk publikasjonsarkiv via BRAGE nemnd "HSH publikasjonsarkiv". Dette arkivet er etablert tidlegare.

**Tabell 21 Styringsparameter under verksemdsmål 3.1**

Styringsparameter	Resultat			Ambisjonsnivå	Resultat
	2007	2008	2009	2010*	
Publikasjonspoeng per undervisnings, forskings og formidlingsstilling	0,22	0,34	0,28	0,28	0,28
Omfang av bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (tusen kr)	17829	1392	15410	15410	16936

Kjelde: DBH

\*2010-tallene med atterhald, da dei er berekna manuelt. Offentlege tall vil ikkje liggje føre før i april

### Verksemdsmål 3.2

*Høgskulene skal medverke til samfunns- og næringsutvikling gjennom utdanning, innovasjon og verdiskaping.*

Alle dei tre fagavdelingane har systematisk kontakt med regionen:

- ATØM leverer kurs til industrien og offentleg sektor i regionen. Avdelinga arbeidar for å vitalisere potensialet innan VRI Rogaland ytterlegare, ved at me mellom anna har funksjon som delprosjektlear innan VRI Maritim. Me arbeider vidare for å utvikla fleire forpliktande samarbeidsordningar som skal styrke undervisning, forskning og praksisfeltet. Me er medlem i Sjøfartens rekrutterings- og UtdanningsForum (SURF). Me er medlem i det regionale industripartnarskapet saman med mellom anna Aker Solutions, Wärtsila, Westcon, Aibel og Apply Leirvik. Me er medlem i Haugesund Rederiforening og deltakarar i Global Maritime knowledge hub. Me har styremedlemskap i Maritimt Forum, Atheno, Haugaland Kunnskapspark, ResQ, Polytec samt i nytt Simulatorsenter.
- Avdeling for lærarutdanning har samarbeidsråd der representantar for rådmennene i Stord og Haugesund, dekan ved Avdeling for lærarutdanning og kulturfag, studieleiarar, etter- og vidareutdanningskoordinator ved HSH, programleiar for forskning retta mot praksis og studentar deltek. Denne kontakten bidreg både til å få søkjarar til grunnutdanningane ved HSH og til at etter- og vidareutdanningane blir attraktive.
- Innan helsefag er Helsetorgprosjektet eit innovativt prosjekt der tre partar – 1) Høgskule (HSH), 2) Helseforetak (Helse Fonna) og 3) Sentrale kommunar i regionen (bl.a. Haugesund, Stord, Bømlo, Tysvær, Karmøy, Sveio og Odda) samarbeider om å førebu kompetanseoverføring og samhandling i samband med samhandlingsreforma. HSH sitt

bidrag til prosjektet vil både dreie seg om forskings- og utviklingsarbeid og utvikling og tilbud av etter- og vidareutdanning. Prosjektet er avgrensa til brukargruppene eldre og kronisk sjuke. Gjennom Helsetorgmodellen har helsefag fått midlar frå Helse Fonna knytt til pilotprosjekt som inneber utvikling av FoU-nettverk med mål om å utvikle gode nok prosjekt til å nå opp i konkurransen om eksterne FoU-midlar frå Helse Vest, NFR og/eller Helse og rehabilitering.

### *Stimulering og tilrettelegging for innovasjon og entreprenørskap*

HSH har vore partner i to brukarstyrte innovasjonsprosjektsøknader, kor den eine til Forskningsrådet fekk gjennomslag. Dette prosjektet innan ballastvatn-forsking inneber tett samarbeid med reiarlag Knutsen OAS, og kan medføre konkrete innovative tekniske og organisatoriske konsekvensar. Også pågåande prosjekt under MAROFF inneber tett samarbeid med reiarlynga på Haugalandet. Også dette arbeidet kan medføre innovative funn og nyskaping.

Fokuseringa på næringslivsretting innan aktuelle utdanningar er også tydeleg der høgskulen legg til rette for møteplassar mellomregionens næringsliv og en del offentlige verksemder til felles prosjektarbeid. Innovasjon Norge bevilga dessutan kr. 500.000,- til prosjekt om arbeid med nyskaping og entreprenørskap i utdanningane som mellom anna vil bli nytta til Introduksjonskurs om bedriftsetablering, Forretningsidé- og forretningsplankonkurranser, bruk av gründere som gjesteforelesere, Valfag i entreprenørskap, Utplassering i inkubatormiljø. Dette er tiltak og aktivitetar som me har von om vil kunne gje dei aktuelle utdanningane ein eigen profil og attraktivitet.

### *Immaterielle rettar*

I arbeidet med å utvikle retningslinjer for immaterielle rettar og betre handteringa av slike rettar, har me hatt ein samarbeidsavtale i 2010 om samarbeid med Prekubator som er teknologi transfer office for FoU institusjoner i Rogaland.

**Tabell 22 Styringsparameter under verksemdsmål 3.2**

Styringsparameter	Resultat			Ambisjonsnivå	Resultat
	2007	2008	2009	2010	
Mengd nyoppretta selskap	-	-	-	0	0
Mengd motteke forretningsidear	-	-	-	0	3
Antall søknader om patent, merkevarer, designbeskyttelse	-	-	-	0	-

## **SEKTORMÅL 4**

*Universitet og høgskuler skal organisere og drive si verksemd på ein slik måte at samfunnsoppdraget blir best mogleg ivareteke innanfor ramma av disponible ressursar.*

### **Særlege utfordringar for sektormål 4**

- Ha ei mest mogleg effektiv intern ressursutnytting
- Kompetansenivå
- Samarbeid med andre utdanningsinstitusjonar

### **Verksemdsmål 4.1**

*Høgskulene skal sikre ei god og effektiv forvaltning av ressursane.*

### **Verksemdsmål 4.3**

*Høgskulene skal ivareta høg kvalitet i økonomiforvaltninga. God internkontroll og effektiv ressursforvaltning skal tas omsyn til i institusjonen sine strategiske prioriteringar.*

I høve til rekneskapsresultatet for 2010 og økonomisk status viser vi til leiarkommentarane til rekneskapsrapporten for 2010 som er sendt til KD med frist 15.februar.

### **Prioritering av ressursar**

KD ber om tilbakemelding på korleis strategiske val i økonomisk prioritering og rekruttering underbyggjer faglege ambisjonar innan forskning og utdanning. 2010 var eit år der HSH planla å ha eit aktivitetsnivå som innebar at vi skulle bruke av tidlegare avsette KD-tildelingar. Aktiviteten var høg i 2010, og studiepoengproduksjonen auka med 100 heiltidsekvivalentar, men den bevilgningsfinansierte delen gjekk i balanse. I tillegg var forskingsaktiviteten framleis stor med fleire store NFR-prosjekt. I 2010 har det derfor vore høg både utdannings- og forskingsaktivitet.

I 2011 er det færre NFR-prosjekt, og utfordringane er knytt til å skaffe internt handlingsrom for å ha tilstrekkeleg omfang på FOU-aktiviteten. I budsjettprosessen for 2011 hadde vi stort fokus på å få oversikt over kostnader og inntekter pr. emne, og eit mål om å styre mot ein ressursbruk der resultatbasert finansiering dekkjer emnekostnadene. Dette vil frigjera ressursar til kompetanseheving og FOU, og ei kostnadseffektiv drift av studia (sjå plan for 2011).

### **Avrekingar og likviditetsgrad**

Som omtala tidlegare, gjekk den bevilgningsfinansierte delen av verksemda i balanse i 2010 (i høve til tildelingsbrevet). Jfr. tabell under auka avsetjingane med netto kr 54 000. Det som påverka avsetjingane mest var at KD-tildelingane auka med ca. 3,5 mill kr pga. sal av utstyr og kurspakkar knytt til simulatorsenteret, medan NFR-tildelingane mangla med ca. 3 mill kr (manglande innbetaling).

Likviditetsgraden har halde seg jamt rundt 1,3 dei siste tre åra. Høgskulen har ein jamt god likviditet, og har ikkje hatt vanskar med å gjera opp ved forfall.

Tabell 23 Styringsparameter under verksemdsmål 4.3

Styringsparameter	Resultat			Ambisjonsnivå	Resultat
	2007	2008	2009	2010	
Likviditetsgrad (omløpsmidlar/kortsiktig gjeld)	1,3	1,4	1,3	1,3	1,3
Avregningar	-430,72	393	-1 177	-	54

### Nøkkeltal

I 2010 har HSH driftsutgifter pr. avlagte 60-studiepoengseining på 145, som er om lag det same som i 2009, og som ligg rett under gjennomsnittet for dei statlege høgskulene (152).

For 2010 har vi foreløpige tal for publikasjonspoeng som gir driftsutgifter pr. publikasjonspoeng på kr. 5533. Vi har ikkje tal for dei andre høgskolene. I 2009 låg gjennomsnittet for dei statlege høgskulene på kr. 4864, medan vi låg på kr. 5121 pr. publikasjonspoeng.

Forholdet mellom vitskaplege og administrativt tilsette har vore nokså stabilt på rundt 2,2-2,3 dei siste åra. HSH har i 2010 eit forholdstal på 2,3 medan snittet for dei statlege høgskolene er på 2,2. I 2010 er det prioritert ein auke i kapasiteten i administrasjonen.

Tabell 24 Styringsparameter under verksemdsmål 4.1

Styringsparameter	Resultat			Ambisjonsnivå	Resultat
	2007	2008	2009	2010	
Driftsutgifter per avlagte 60-studiepoengseiningar	145	139	144	144	145
Driftsutgifter per publikasjonspoeng	6601	4667	5121	-	5533 <sup>8</sup>
Forholdet mellom mengda tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar og mengda tilsette i administrative stillingar	2,2	2,2	2,3	-	2,3

<sup>8</sup> Publikasjonspoeng for 2010 er foreløpige tal

### ***Internt regelverk***

HSH har hatt manglande nedskrevne retningslinjer og rutinar sett i høve til dei sentrale krava. I 2010 er det gjort ein god del innan internkontroll, spesielt i høve til bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet, der vi i 2009-10 fekk tilbakemeldingar frå Riksrevisjonen om manglande rutinar og system. Dette arbeidet blir slutført no i fyrste halvdel av 2011 med fastsetting av retningslinjer og rutinar, som i all hovudsak allereie er implementert i organisasjonen. Innan økonomifunksjonen vil arbeidet med internkontroll fortsetja i 2011 innan nye område ut frå ei risikovurdering. Vi viser til plan for 2011, der internkontroll framleis er eit av styret sine fokusområde.

### ***Oppfølging av gjeldande regelverk for anskaffing og forvaltning av bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet***

Høgskolestyret vedtok i 2010 HSH sitt reglement for anskaffing. I 2011 vil vi jobbe vidare med implementering. Som nemnt over har vi følgd opp mykje av dei tilbakemeldingane vi fekk frå Riksrevisjonen knytt til HSH si manglande oppfølging av BOA-regelverket.

### **Verksemdsmål 4.2**

*Høgskulene skal gjennom sin personalpolitikk medverka til eit høgt kompetansenivå, eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv.*

### ***Kompetansenivå***

Førstekompetansenivået ved institusjonen, omlag 20 % førstekompetanse i grunnutdanningane, og om lag 50% førstekompetanse i masterstudiar, er ei stor utfordring. Sjølv om forholdstala viser ei positiv utvikling i 2010, jfr. tabell under, er utfordringane innan fagkompetanse store. Personalmessig er vi i ein situasjon der ein stor andel av våre tilsette går av med pensjon dei næraste åra, og at fleire av desse har fyrstekompetanse. Rekrutteringsarbeidet er målretta i høve til kompetansenivå og fagleg profil. Generelt er det ei utfordring at det er vanskeleg å rekruttere personale med 1.kompetanse. Denne kompetansen må vi i all hovudsak byggje opp internt. Få stipendiatstillingar gjer det naudsynt å satse på to karriereveggar: PhD og førstelektor.

Kompetanseheving er derfor eit satsingsområde for HSH, og vi visar til planane for 2011 for tiltak på dette området.

Tabell 25 Del fyrstestillingar

Styringsparameter	Resultat			Ambisjonsnivå	Resultat
	2007	2008	2009	2010	
<b>Del fyrstestillingar av total mengd undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar</b>	<b>0,29</b>	<b>0,27</b>	<b>0,27</b>	<b>0,3</b>	<b>0,3</b>
ALK	0,33	0,27	0,22	-	0,25
ATØM	0,41	0,40	0,40	-	0,38
AHF	0,16	0,16	0,23	-	0,28

### Kvinneandel

HSH har ein kvinneandel på 0,58, jfr. tabell under. Internt fordeler likevel kvinneandelen seg svært tradisjonelt, med lågare andel innan tekniske/økonomiske fag og høgare andel innan lærarutdanning og helsefag. Kvinneandelen er også forholdsvis høg i administrative stillingar (Endringa frå tidlegare år er ikkje reell, det er feil i tal for tidlegare år). Kvinneandelen av dei faglege tilsette reflekterer kvinneandelen i dei profesjonane vi utdannar for. Slik sett er det ikkje eit eintydig bilete som tilseier ynskje om auka kvinneandel innan alle delar av verksemda. Til dømes er andelen kvinner i lærarprofesjonen aukande på alle trinn, og det er difor naudsynt å systematisere arbeidet med å auka rekrutteringa av menn både som studentar og som tilsette.

HSH er likevel bevisst på at kvinneandelen i ulike stillingskategoriar varierer, og rettar ei merksemd mot dette når vi gjer tilsettingar.

Når det gjeld studentane vurderer vi, som aktiv samfunnsaktør, det som monaleg meir problematisk med 5-10% mannlege studentar innanfor sjukepleie og førskulelærarutdanninga enn 20-30% kvinnelege studentar innanfor nautikk og ingeniørutdanning.

Tabell 26 Andel kvinner

Styringsparameter	Resultat			Ambisjonsnivå	Resultat
	2007	2008	2009	2010	
Del kvinner totalt	0,56	0,58	0,58	0,58	0,58
Del kvinner – per støttetillingar (feil i 2007-09, men er off. tal)	0,85	0,82	0,84	-	0,63



Del kvinner – per undervisnings-, forskings- og formidlingsstillinger	0,5	0,52	0,53	0,53	0,55
ALK	0,46	0,50	0,53	0,51	0,57
ATØM	0,28	0,30	0,31	0,35	0,30
AHF	0,77	0,76	0,78	0,75	0,78

## Rapporteringskrav på tvers av sektormåla

### System for forskningsdokumentasjon

Det er biblioteket ved HSH som har hatt ansvaret for forskningsdokumentasjonen sidan 1994, gjennom Forskdok. Biblioteket er i rute med omlegginga til Cristin/Norsk Forskningsindeks.

### Forvaltning av fullmakter

HSH har eigarskap i fleire regionale aksjeselskap. Ein føresetnad for dette er at vi får ein styreplass. Vårt bidrag er ikkje finansielt, men kompetansemessig grunngeve, og i tillegg skal det bidra til å styrke vår regionale rolle og utvikle det regionale samarbeidet.

ResQ AS skipa høgskulen i si tid ved å skilja ut sikkerhetsavdelinga. Vi har gjennom dette god kontakt med og påverknad på sikkerhetsarbeidet, spesielt offshore. Studentane nyttar også anlegget til øving og prosjekt. Vår eigardel er om lag 0,3 %.

Vår industriretting i Sunnhordland er via Atheno AS. Selskapet er i all hovudsak eigd av industrien og driv innovasjon og nyskaping innan industrifeltet. Vår eigardel er 5 %.

Haugaland kunnskapspark AS er meir generelt retta mot næringslivet og er eigd av industri og offentleg sektor i Rogaland. Vår eigardel er 1%.

Fanari AS er ein kunnskapspark retta mot kulturlivet i Sunnhordland. Her er vi med for å skapa ei innovasjons- og nyskappingsverksemd for kultur i vid forstand. Vår eigardel er 13.8%.

I 2010 fekk HSH 10% aksjar i det nyetablerte Haugesund Simulatorsenter AS. Vi har fagleg interesse i selskapet ved å delta i utviklinga av kompetanse-nivået i regionen innan maritim verksemd, og ved at studentane har delar av si simulatoretrening her.

### Større investeringsprosjekt

HSH har ingen investeringsprosjekt under arbeid eller under planlegging av typen kurantprosjekt over 50 millioner kroner eller av typen KS 1 over 500 millioner kroner.

To oppgraderingsprosjekt på Campus Rommetveit er under prosjektering/utføring:

- Gymnastikksal, oppgradering og tilbakeføring.
- Garderobe og trenings- og undervisningsrom i tidlegare bassengbygg.

*I framlegg til satsingar utanom ramma i 2011 vart det meldt inn til departementet om følgjande bygningsmessige tilhøve:*

*"Infrastrukturen vår på byggsida er hardt pressa på både studiestadene. Vi treng truleg utviding i Haugesund, det vil vi koma attende til ved seinare høve. På Stord sit vi på ein flott gamal campus som*

*krev opprusting og vedlikehald. Vi ser ikkje for oss nybygging, men vi må oppgradera og få meir ut av dei bygningane vi har. Det føreligg no skisser til både verning og freding av store deler av denne bygningsmassen. Det er vi ikkje i mot, men det krev ekstra kostnader med god tilrettelegging når ein også skal ta slike omsyn. Vi er difor glad for at vi vart tilført 5 millionar kroner til den gamle gymnastikksalen gjennom "krisepakken" no i vår. Prosjektet har no vore ute på tilbod, men det vert ikkje ferdigstilt i 2009. Vi legg til grunn at desse 5 millionane vert overført til neste år. Men det krevst ytterlegare 10 millionar til å ferdigstilla dette totalprosjektet, og det søker vi om for 2011."*

### **Samfunnssikkerhet og beredskap**

HSH har ein beredskapsplan som bl.a. vart utvida i samband med 'svineinfluensaen' 2009/10. Vi har også hatt ein generell revidering av planen basert på ei risiko- og sårbarhetsanalyse, som mellom anna har medført større fokus på den aukande aktiviteten knytt til internasjonalisering.

## Tilleggskrav til rapportering i tildelingsbrevet for 2011

### HSH sitt arbeid med SAK

UH- nett Vest er HSH sitt utgangspunkt når det gjeld SAK-prosessar. Lærarutdanning og forskingssamarbeid har vore prioriterte områder sidan starten av nettverket i 2008. Innan lærarutdanning har samarbeid om dei nye grunnskulelærarutdanningane vore det viktigaste tiltaket. Arbeidet har involvert mange fagtilsette og ein har samla faga i såkalla storseksjonar, med mål om å sikre robusthet og naudsynt kompetanse hjå alle institusjonar. Ein har i denne samanheng hatt med Norsk Lærarakademi.

Forskingssamarbeidet skaut ny fart i 2010. Ein eigen forskarskule i musikk, Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies, ble realisert hausten 2010. Dette har vore eit stort løft og ein suksess for nettverket. I forlenginga av dette vert det arbeidd godt og målretta med å skipa ein eigen forskarskule i helse- og sosialfag, knytt til arbeidet med Samhandlingsreforma.

I 2010 har UH-nett Vest og utvida samarbeidet. To nye satsingsområde er teken med: organisasjonsfag og IKT og medier. Ein satsar og vidare på internasjonalisering og nettverket vil delta på EAIE-konferansen i København hausten 2011.

UH-nett Vest ble tildelt 3 millionar kroner i SAK-midler for 2010. Midlane blei fordelt slik: Biblioteksamarbeid 425 000, forskingssamarbeid 2 000 000 og utvikling av forskarskular 575 000, med 175 000 til forskarskule i musikk og 400 000 til utvikling av forskarskule knytt til helse- og sosialområdet.

UH-nett Vest har og ein god og høveleg form og organisering for å lyfta fram saker i lag. Rektorskulen som er inne i sitt andre år og seminar om fleirspråklege studentar, er gode døme.

Forutan å vera eit eige nettverk fungerer UH-nett Vest og som ein paraply for samarbeid innan teknologi og musikk (TeknoVest og MusikknettVest). Desse nettverka involverer fleire institusjonar enn dei som inngår i UH-nett Vest. TeknoVest har og tilsatt eigen prosjektleiar i full stilling gjennom tildeling av eigne SAK- midlar.

UH-nett Vest vil framleis vera eit sentralt utdannings- og forskingspolitisk tiltak for HSH. Lærarutdanning og forskingssamarbeid har framleis høg prioritet. I mars vil ein arrangere forskarsymposium for tredje gong. Dette har utvikla seg til å bli ein viktig plass for erfaringsutveksling og samarbeid om nye tiltak. Arbeidet med å rigga opp ei eigen forskarskule innan helse- og sosialfag er i full gang og vil gå for fullt i 2011. Denne våren vil ein og lyfta fram og drøfta mastergradssamarbeidet i UH-nett Vest. Etter- og vidareutdanning og internasjonalisering heime er og tema som vil bli drøfta.

For 2011 har ein søkt KD om SAK-midler til utvikling og implementering av digitale samarbeidsverktøy i samarbeid med Uninett. Prosjektet var i første runde eit samarbeid om grunnskulelærarutdanningane, men er no utvida til å gjelde alt samarbeid i nettverket.

Samstundes med arbeidet innan UH-nett Vest har HSH på eige initiativ starta eit større utgreiingsarbeid knytt til "HSH inn i et 10-15 års perspektiv". Arbeidet her er spesielt innretta på

korleis HSH best kan sikre at regionen har eitt attraktivt høgare utdanningstilbod prega av effektiv ressursutnytting og høg fagleg kvalitet – sett i lys av framtidig struktur, samarbeid og arbeidsdeling på Vestlandet. HSH nyttar NIFU i dette utgreiingsarbeidet.

### **Institusjonen sine planar for oppfølging av tildelte studieplassar**

I statsbudsjettet for 2011 vart HSH tildelt 10 studieplassar innan sjukepleie (opptrapping av tidlegare gitte studieplassar), 10 studieplassar innan vidareutdanning innan aldring og eldre og 5 frie studieplassar. Dei øyremerkte studieplassane har gått til desse studia. Sjukepleie har det siste året med auka opptak. Vidareutdanning innan aldring og eldre er ferdig med eit kull i 2011, og vidare igangsetting var usikkert. Studieplassane har ført til ny utlysing av tilbodet. Dei 5 frie studieplassane er nytta til PPU som vi framleis manglar studiepoengfinansiering for.

### **Rapportering om studentkapasitet for neste studieår**

Viser til elektronisk innmelding. I rapport og planar for eitt år attende meldte vi også inn studentkapasitet for neste studieår. Me vurderer det slik at situasjonen er nokså uendra, og at dei same tilhøva som vart rapportert i 2010, også er gjeldande for 2011.

Me gjentek derfor våre innspel :

*HSH er i hovudsak ein profesjonshøgskule innafor helse-, lærar- og tekniske utdanningar. I tillegg er me ein stor aktør på etter- og vidareutdanning innafor dei same utdanningsområda. Etterspørsel etter masterutdanningar er også aukande både frå studentar og frå arbeidslivet.*

*Me har eit godt fotfeste i regionen der det samla bur om lag 175000 menneske. For desse er me fyrstevalet både for grunnutdanning og evu. Dei siste åra har me fylt opp studieplassane våre fyrste året, med unnatak av allmennlærerstudiet. Fråfallet undervegs i studiane ligg om lag som ved andre institusjonar.*

*Det er dette perspektivet me har når me skal dimensjonera utdanningane våre. I tillegg har me nokre studium som rekrutterer til dels nasjonalt. Me har vanlegvis tett dialog med regionen før me etablerer eller avviklar studietilbod. Dette har me også hatt i noverande situasjon.*

*Departementet har bede oss å vurdere studieplassar relatert til ein auke i aldersgruppa 19-29 år. Det skjer endringar i arbeidslivet og ulike profesjonspreferansar. Ein må difor ha for auga etterspørsel både til grunnutdanningar og ulike etter- og vidareutdanningar inklusive masterutdanning.*

*HSH er i utgangspunktet dimensjonert for om lag 1900 studentar på våre ulike grunnutdanningar. Dei siste par åra har me hatt om lag 3000 studentar, omrekna til om lag 2500 heiltidsekvivalentar. Infrastrukturen vår er såleis strekt ganske langt, og tåler ikkje stort meir. Når om lag 1000 av desse studentane er evu-studentar der studieplassane i hovudsak berre er finansierte ved RBF, pressar me også økonomien til det ytterste. Det er såleis heilt avgjerande at nye studieplassar vert fullfinansierte. Men reint organisatorisk har me synt at me kan reagere og organisera nye tilbod på plass på ein rask og god måte. Og på ein måte som gjev oss gode tilbakemeldingar frå studentar og offentleg og privat arbeidsliv.*

Me tolkar brevet frå KD dit hen at nye studieplassar vert finansierte på vanleg måte, dvs. med 60% i basis og 40% i RBF to år seinare relatert til studiepoengproduksjonen.

### **Sjukahele**

Me tek i dag opp 200 studentar på sjukahelestudiet årleg. På kort sikt kan me ta opp ein klasse på deltid. Dette vil stetta ein etterspørsel, og det vil gje oss ein større fleksibilitet i gjennomføringa. Det er praksisfeltet som oftast gjev dei største utfordringane her. Ei gruppe på 40 studentar kan me handtera alt komande haust, alternativt frå årskiftet p.g.a. praksisavviklinga. Dette vil også letta trykket på heiltidsutdanninga.

Det er også aktuelt å starta opp ei gruppe innan eldreomsorg. Her kan me ta opp ei gruppe på 40 studentar på deltid og søkjer om 20 studieplassar. Det same gjeld utdanning i rusproblematikk, der søkjer me tilsvarande om 20 studieplassar.

### **Førskule**

Det er også etterspørsel etter deltidsutdanning i førskule. Kommunane ber oss om at dette vert gjort for å skulera opp personar som bl.a. arbeider som assistentar i barnehage i dag. Me kan starta ein klasse på 30 studentar frå hausten.

### **Maritim utdanning**

Me kan auka opptaket på nautisk utdanning med 20 studieplassar. Dette ligg innafør vår tekniske kapasitet, og innafør den jobbgarantien som lokale reiarlag gjev.

### **Ingeniør – sikkerhet**

Her kan me auka opptaket med 20 studieplassar til hausten. Dette er den einaste utdanninga i sitt slag i landet, og samanhalde med den masterutdanninga me har i samarbeid med UIB innafør teknisk sikkerhet, kan me her venta ein auka etterspørsel.

Alle desse utdanningane rekrutterer vanlegvis dei yngste studentane her hjå oss, og bør såleis vera godt tilpassa målgruppa "yngrebylgja".

### **Praktisk pedagogisk utdanning (PPU)**

Dette er det utdanningstilbodet med størst søknad hjå oss (over 300 søkjarar). Me har berre finansiering for 10 heiltidsplassar som me køyrer deltid over to år. Her kan me framskaffa større kapasitet dersom finansiering fell på plass. Så langt har finansieringa blitt tatt frå ledig kapasitet i almennlærerstudiet. Me har kalkulert med at dette vil vera tilfellet også 1-2 år fram i tid, i motsett fall har me finansieringsproblem for denne utdanninga. For å få eit stabilt omfang på denne utdanninga søkjer me om 30 studieplassar.

### **Masterutdanning**

HSH har i dag ei eiga masterutdanning i IKT i læring. Dette er ei etterspurd utdanning, og me treng utvida kapasiteten på dette studiet og kan auka med 20 studieplassar.

### ***Økonomisk/administrativ utdanning***

*Dette er den utdanninga der me lettast kan auka opptaket vårt då me ikkje har praksis, laboratorieøvingar etc. Også her ser me at me har mange unge studentar som startar på ei høgare utdanning på heimstaden. Me kan auka opptaket med 20 studieplassar.*

### ***Etter- og vidareutdanning***

*For relativt raskt å auka kompetansen og kapasiteten i eksisterande arbeidsliv og tenesteproduksjon er EVU eit veileigna verkemiddel. Studieplassar her, som kan utnyttast fleksibelt, vil også gje eit positivt bidrag til å ta unna auka studieetterspørsel.*

## Planer for 2011

### Plan for verksemda i 2011

HSH vil i 2011 følge opp nokre områder særskilt, med utgangspunkt i ei risikovurdering av manglande måloppnåing for dei ulike sektormåla med tilhøyrande verksemdsmål. I tillegg til fokusområda blir undervisning, FoU og andre områder følgd opp gjennom det etablerte kvalitetssikringssystemet og styringshjulet i styret.

Risikovurderinga med val av fokusområde for HSH i 2011 viser til hendingar som kan true måloppnåinga, med bakgrunn i kritiske suksessfaktorar for måloppnåing, tidlegare oppnådde resultat og endringar i eksterne faktorar på området.

I januar 2011 vart det gjort ei risikovurdering av ibuande risikoar, gitt at det ikkje vart gjennomført tiltak på dei ulike områda. I plan 2011 presenterer me den gjenverande risikoen på dei ulike områda. Resultata i rapport for 2010 og dei risikoreduserande tiltaka som skal gjennomførast er lagt til grunn for vurderingane.

Fleire av fokusområda blir følgd opp som ein del av det årlege styringshjulet gjennom handsaminga av mellom anna budsjett, rekneskap og studieportefølje. Der styret også skal få ei særskilt orientering om fokusområdet er dette oppgitt.

Til slutt er styringsparametra for HSH på institusjonsnivå 2011 oppgitt, med fastsette ambisjonsnivå.

Dei ulike fagavdelingane og fellestenestene ved HSH har eigne handlingsplanar der deira tiltak og oppfølging av HSHs fokusområde kjem fram. I tillegg har avdelingane nokre utfyllande fokusområde og styringsparameter som dei følgjer opp, med bakgrunn i deira risikovurderingar.

### Fokusområde og tiltak for HSH i 2011

#### *Sektormål 1*

**Universitet og høgskuler skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innanfor forskning, fagleg og kunstnarisk utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.**

#### Verksemdsmål 1.1

Universitet og høgskuler skal utdanne kandidatar med høg kompetanse med relevans for samfunnets behov.

#### Verksemdsmål 1.2

Universitet og høgskuler skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrømming.

#### Verksemdsmål 1.3

Universitet og høgskuler skal ha eit utstrakt internasjonalt utdanningssamarbeid av høg kvalitet, som bidreg til auka utdanningskvalitet.



**God studentrekruttering som gir studentar med grunnlag for å oppnå gode resultat**

**Sak 09/11**

*Grunnlag: Nasjonale rekrutteringstiltak retta mot grunnskulelærerutdanninga, HSH sine vurderingar av studentrekrutteringa.*

Studentrekruttering var fokusområde for styret i 2010. Sannsynlegheiten for at nokre av utdanningane vil ha utfordringar med å få tilfredsstillande rekruttering i 2011 er framleis rekna som høg. Konsekvensen av manglande studentrekruttering vil variere mellom utdanningane.

Styret ber rekrutteringsteamet, saman med fagavdelingane om å foreta risikovurderingar av kva utdanningar som risikerer dårleg rekruttering og konsekvensane av dette. Vidare må det vurderast kva tiltak som må iverksetjast for å sikre tilfredsstillande rekruttering, slik at risikoen reduserast til eit akseptabelt nivå.

**Oppdatert risikovurdering:**

Godt omdømme reknast som ein av dei viktigaste faktorane for å sikre god studentrekruttering. Dette stadfestast mellom anna av den årlege undersøkinga "Kvifor HSH?". Årets trivnadsgranskning viser at 9 av 10 studentar vil anbefale HSH til andre. Dette er positivt for sannsynlegheiten for god studentrekruttering.

Det tyder på at Noreg per i dag er på veg inn i ein høgkonjunktur, noko som tradisjonelt sett inneber at det er vanskelegare å rekruttere studentar. Samtidig er me inne i ei periode med store årskull i relevante aldrar, noko som gir eit høgare studentgrunnlag. Studentgrunnlaget for HSH sine studie vil dermed normalt sett vere nokså likt som for inneverande studieår.

Rekrutteringsteamet legg vidare vekt på å engasjere fag- og studiemiljø for å sikre god studentrekruttering. For å sikre at fag- og studiemiljø kan gjere målretta tiltak, er det i år fordelt 100 000,- til kvar av fagavdelingane som skal nyttast innan marknadsføring. Eksempel på tiltak som blir gjennomført med desse midlane er:

- Facebookannonsering
- Oppsøkkande verksemd & synleggjering av fagmiljøa
- Opne dagar og inspirasjonsseminar retta mot potensielle søkjarar

Ein annan viktig aktør for å sikre god rekruttering både innan grunnutdanningane og innan etter- og vidareutdanningane ved HSH er samspelet med regionen (sjå eige fokusområde).

Med utgangspunkt i vurderingane som rekrutteringsteamet har gjennomført og dei tiltaka som er gjennomført for å sikre god studentrekruttering, reknast sannsynlegheiten for dårlege søkjartal som låg, mens konsekvensen reknast som alvorleg. Risikoen reknast dermed som moderat. På bakgrunn av at konsekvensen av dårlege søkjartal vil vere alvorleg, vil styret få ei oversikt over søkjartala frå samordna opptak i samband med styreseminaret i mai. I tillegg vil styret få ein opptaksrapport i september, som vil danne grunnlag for å sjå behovet for langsiktige tiltak innanfor ulike studie.

**Tiltak**

**Skildring av tiltaket**

100 000 til kvar målretta

**Ansvarleg del av organisasjonen**

Fagavdelingane

	marknadsføringstiltak ved fagavdelingane	
	<b>Oppfølging i 2011:</b>	
	<b>Oppfølgingsmåte</b>	<b>Oppfølgings-tidspunkt</b>
	Oversikt over søkjartala/tilboda	Styreseminar mai
	Opptaksrapport	Styremøte september
		Studietenestene
		Studietenestene
<b>God kompetanse for dei fagtilsette</b>	<b>Sak 09/11</b>	
	<i>Grunnlag: Oppsummering frå etatsstyringsmøtet med KD, sak 27/10 til høgskolestyret</i>	
	Styresak 27/10 synleggjorde at andelen fagtilsette med fyrstekompetanse er på eit kritisk nivå, i sær med tanke på alderssamansettinga på dei tilsette. Dette gjer at sannsynlegheiten for at ein ikkje har tilfredsstillande kompetanse for dei fagtilsette på kort og lang sikt er svært høg og konsekvensen av dette vil vera svært alvorleg. Dette blir derfor rekna som ein kritisk risiko for institusjonen. For at denne risikoen skal reduserast til å vere på eit akseptabelt nivå, vil kompetanseheving vere fokusområde for styret og avdelingane i 2011.	
	<b>Oppdatert risikovurdering</b>	
	Rapport 2010 viser at det på kort sikt er liten sannsynlegheit for ein for låg andel med fyrstekompetanse ved HSH. Alderssamansetninga gjer likevel at ein må gjere langsiktige tiltak for å vere innanfor akseptabelt risikonivå.	
	For å redusere risikoen for at andelen fyrstekompetanse blant dei fagtilsette blir for låg, er det laga ein tiltaksplan for å redusere sannsynlegheiten for manglande fyrstekompetanse på dei ulike fagavdelingane (Sjå styresak xx/11). Med tiltaka som det leggst opp til i tiltaksplanen, reduserast sannsynlegheiten til å vere lav, mens konsekvensen av for lav andel med fyrstekompetanse fortsatt reknast som alvorleg. Risikoen blir dermed moderat.	
	<b>Tiltak</b>	
	<b>Skildring av tiltaket</b>	<b>Ansvarleg del av organisasjonen</b>
	<i>Sjå styresak xx/11</i>	<i>Sjå styresak xx/11</i>
	<b>Oppfølging av fokusområdet i 2011:</b>	
<b>Oppfølgingsmåte</b>	<b>Oppfølgings frekvens</b>	<b>Ansvarleg del av organisasjonen</b>
<i>Sjå styresak xx/11</i>	<i>Sjå styresak xx/11</i>	<i>Sjå styresak xx/11</i>
<b>God kvalitet og riktig kostnadsnivå for utdanningane</b>	<b>Sak 09/11</b>	
	<i>Grunnlag: Oppsummering frå etatsstyringsmøte, sak 45/10 til høgskolestyret (Budsjett 2011), sak 44/10 til høgskolestyret (Studieportefølje 2011/2012)</i>	
	Riktig kostnadsnivå for utdanningane ved HSH fordrar både riktig aktivitetsnivå og god kostnadseffektivitet for den enkelte utdanning.	
I sak 45/10 vart det presentert produksjonsmål for studiepoengproduksjonen ved HSH, i tråd med mengda studieplassar som ligg til grunn for basistildelinga frå		

